

Til  
Flora kommune  
Markegata 51  
6900 FLORØ

Vedlegg B -

| <b>Søknad om samtykke til omdisponering og deling av areal etter jordlova §§ 9 og 12</b>              |  |         |             |  |      |     |
|---|--|---------|-------------|--|------|-----|
| Søkar/heimelshavar  |  | Adresse |             |  | gbnr | fnr |
| <b>Omdisponering i samband med søknad om løyve til tiltak etter PBL §20-1, a-1 , bygg/anlegg</b> [ ]  |  |         |             |  |      |     |
| <b>Omdisponering i samband med søknad om løyve til tiltak etter PBL §20-1, m, ny grunneigedom</b> [ ] |  |         |             |  |      |     |
| <b>Skildring av tiltaket</b>  |  |         |             |  |      |     |
| <b>Grunngjeving av søknaden</b>   |  |         |             |  |      |     |
|   |  |         |             |  |      |     |
|   |  |         |             |  |      |     |
| Situasjonskart, vedlegg nr:   |  |         |             |  |      |     |
| Uttale frå andre offentleg styresmakter, vedlegg nr:  |  |         |             |  |      |     |
|   |  |         |             |  |      |     |
| Dato  |  |         | Underskrift |  |      |     |
|   |  |         |             |  |      |     |

## **Rettleiing for søknad om omdisponering og deling av areal etter jordlova:**

### **Søknad om omdisponering og deling av areal vert handsama etter reglane i jordlova §§ 9 og 12:**

#### *§ 9. Bruk av dyrka og dyrkbar jord*

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan fyrst attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.

#### *§ 12. Deling*

Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Forbodet mot deling gjeld òg forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren).

**Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi.** Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.

**Samtykke til deling kan givast på slike vilkår** som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.

Føresegnene gjeld utan omsyn til om ein eigedom har fleire registernemningar når eigedomen eller ideell del av han er på same eigarhand og etter departementet sitt skjønning må reknast som ei driftseining.

Samtykke til deling er ikkje nødvendig når særskild registrert del av eigedom vert seld på tvangssal. Det same gjeld dersom det i samband med offentleg jordskifte er nødvendig å dela eigedom.

**Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter at samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort.**

#### **Grunngjeving av søknaden**

Av reglane går det fram at ein søknad om samtykke skal grunngjevast i høve bruk og næringsinteresser i landbruket. Ei omdisponering/deling må ikkje være i strid med lova sitt formål som er å sikre at arealressursane vert brukt på ein måte som er tenleg for samfunnet og landbruket. Grunnar som kan vektleggast i ein søknad er derfor til dømes at arealet har liten verdi som landbruksareal, at det ikkje vil føre til ulempe for drifta av landbruskseigedomen at arealet vert frådelt.

Grunngjeving i høve personlige og familære tilhøve kan ikkje vektleggast ved vurdering av ein søknad om omdisponering/deling.